



///

## Beredskapsplan Kriseleiing

Vedteke i kommunestyret 19.12.2019, sak 54/19  
Revidert sist i formannskapet 04.05.2023, sak 28/2023




Sogndal kommune /// Livskvalitet og utviklingskraft i Sogn

## Innhold

<b>1. Innleiing .....</b>	<b>3</b>
<b>2. Vedtak og revisjon av planen .....</b>	<b>3</b>
<b>3. Kriseleiing.....</b>	<b>4</b>
<b>3.1 <i>Medlemmer i kriseleiing .....</i></b>	<b>4</b>
<b>3.2 <i>Stad for etablering av kriseleiinga.....</i></b>	<b>5</b>
<b>3.3 <i>Oppgåver for kriseleiinga.....</i></b>	<b>5</b>
<b>3.4. <i>Loggføring .....</i></b>	<b>7</b>
<b>3.5. <i>Fullmakt .....</i></b>	<b>7</b>
<b>3.6. <i>System for å sikre operativ kriseleiing .....</i></b>	<b>7</b>
<b>3.7. <i>Opplæring for tilsette med beredskapsoppgåver .....</i></b>	<b>8</b>
<b>3.8. <i>Øving for kriseleiinga .....</i></b>	<b>8</b>
<b>3.9. <i>Evaluering av kriseleiinga sitt arbeid.....</i></b>	<b>8</b>
<b>3.10 <i>Kriseplanar for ulike fagområde .....</i></b>	<b>8</b>
<b>3.11 <i>Tilgang .....</i></b>	<b>9</b>
<b>3.12 <i>Oppdatering og endring .....</i></b>	<b>9</b>
<b>4. Plan for evakuering og innkvartering .....</b>	<b>10</b>
<b>4.1 <i>Ansvar for iverksetjing av evakuering:.....</i></b>	<b>10</b>
<b>4.2 <i>Ansvarlege for å leia evakuatingsarbeid er:.....</i></b>	<b>10</b>
<b>4.3 <i>Fylgjande mannskap kan nyttast ved gjennomføring av evakuering:.....</i></b>	<b>10</b>
<b>4.4 <i>Innkvarterings- og tilflyttingsnemnda i kommunen: .....</i></b>	<b>10</b>
<b>4.5 <i>Hovudoppgåver for kommunen ved evakuering.....</i></b>	<b>10</b>
<b>4.6 <i>Samlingsstader – skade og pårørande senter .....</i></b>	<b>11</b>
<b>4.7 <i>Innkvarteringsstader.....</i></b>	<b>11</b>
<b>5. Plan for informasjon til innbyggjarane og media .....</b>	<b>12</b>
<b>5.1 <i>Ansvar og roller.....</i></b>	<b>12</b>
<b>5.2 <i>Informasjonsansvarleg - informasjonskontor.....</i></b>	<b>12</b>
<b>5.3 <i>Lokalisering .....</i></b>	<b>12</b>
<b>5.4 <i>Informasjonskanalar .....</i></b>	<b>13</b>
<b>    5.4.1 <i>Nettside.....</i></b>	<b>13</b>
<b>    5.4.2 <i>Media.....</i></b>	<b>13</b>
<b>    5.4.3 <i>System for innbyggjarvarsling .....</i></b>	<b>13</b>
<b>    5.4.4 <i>Informasjonskanalar når straum og nett er vekke.....</i></b>	<b>14</b>
<b>    5.4.5 <i>Informasjonsmøte .....</i></b>	<b>14</b>
<b>    5.4.6 <i>Form og språk.....</i></b>	<b>14</b>
<b>5.5 <i>Informasjon til Statsforvaltaren .....</i></b>	<b>14</b>

## 1. Innleiing

Sogndal kommune skal vere i stand til å handtere uynskte hendingar og kriser for i størst mogeleg grad å redusere konsekvensane av desse. Kommunen skal som følgje av Sivilbeskyttelseslova ha eit samla overordna Beredskapsplanverk:



Denne planen omhandlar kommunen si handtering av ein krisesituasjon. Planen er utarbeida og vedteken med heimel i [sivilbeskyttelsesloven kap. 5](#) og [forskrift om kommunal beredskapsplikt §4](#).

Kommunen har i tillegg krav om utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) 20.01.2021, og beredskapsplanar på ulike fagområde med direkte heimel i særlov, jf. oversikt i kap. 3.10. Det vert lagt opp til å samordne og koordinere beredskapsplanar på fagområde med kommunen sitt overordna beredskapsplanverk.

Viktige kommunale fagområde med plikt for beredskapsplan er:

- Helse- og sosialtenesta
- Vassforsyninga
- Brannvern og redning
- Hendingar som direkte eller indirekte råkar born i skule og barnehage

Kommunen sin beredskapsplan skal også samordnast med andre i relevante offentlege og private beredskaps- og kriseplanar.

## 2. Vedtak og revisjon av planen

Planen er vedteken av kommunestyret i sak 54/19, 19.12.2019.

Planen skal reviderast minimum ein gong i året. Formannskapet har mynde til årleg revisjon. Slik revisjon skal skje innan utgangen av mars kvart år. Kvart 4. år, og første år etter kommuneval, skal planen ha ein hovudrevisjon med vedtak i kommunestyret.

Kommunedirektør har mynde til, og skal oppdatere varslingslister løypande. Siste oppdatering 04.05.2023.

### 3. Kriseleiing

Sogndal kommune har ei kriseleiing som har eit overordna ansvar på for å koordinere kommunen si handtering av alvorlege hendingar/krisesituasjonar. Sentrale beredskapsverdiar i prioritert rekkefølge for kommunen ved ei krisehending er:



LIV OG HELSE



YTRE MILJØ



ØKONOMISKE  
VERDIAR



OMDØMME

#### 3.1 Medlemmer i kriseleiing

I kriseleiing i Sogndal kommune er følgjande medlemmer med slik rolle/ansvar:

Fast medlem	Rolle
Kommunedirektør	Leiar
Ordførar	Media, kommunikasjon
Kommunikasjonsrådgjevar	Media, kommunikasjon
HR-leiar	Fagansvar
Kommunalsjef plan og forvaltning	Fagansvar
Kommunalsjef oppvekst	Fagansvar
Kommunalsjef helse og omsorg	Fagansvar
Kommunalsjef samfunn, innovasjon	Fagansvar
Kommuneoverlege	Fagansvar
Loggførar CIM	Loggføring og rapportering i DSB CIM
Beredskapskoordinator	Støtte til kriseleiinga for handtering av krise, beredskapsplanar, liason-funksjon mot LRS/KO og andre beredskapsaktørar og andre faginstansar
Sogn Brann og Redning	Fagansvar
Etter behov	
IKT sikkerhetsansvarleg	Fagansvar
Tenesteleiar(ar) teknisk drift	Fagansvar
Tenesteleiar samfunn	Kommunikasjon (eksternt/internt)
Politi	Fagansvar
Røde Kors	Fagansvar
Sivilforsvar/forsvar	Fagansvar

Leiar kan ut over dette supplere og forsterke kriseleiing med personar med naudsynt fagkompetanse ut i frå situasjonen. Medlemmer kan bli nytta til andre oppgåver om deira fagrolle vert avgrensa i ei konkret hending. Leiar kan også avgrense deltakarar som vert innkalla alt etter situasjon og type hending.

### 3.2 Stad for etablering av kriseleiinga

Oppmøtestad for kriseleiinga er primært teams. Om nett eller straumbrot ikkje tillèt dette er oppmøtestad:

Lokale for kriseleiinga er formannskapssalen i Tinghus 1.

Det er ikkje tilrettelagt for bruk av aggregat på Tinghus 1 på Leikanger. Ved straumbrot kan kriseleiinga etablerast på Leikanger helsecenter. Dersom situasjonen tilseier det kan kriseleiing etablerast i kommunehus i Sogndal eller Balestrand eller i lokale i Statens hus nær Statsforvaltaren. Det skal gjevast informasjon om dette i tilfelle så skjer.

Dersom kommunikasjonen er nede og det ikkje er mogleg å reise til Leikanger skal kriseleiinga møte:

Sogndal: Sogndal helse- og omsorgssenter

Leikanger: Leikanger sjukeheim

Balestrand: Balestrand helsetun

Dette er faste oppmøtestadar i Sogndal kommune ved bortfall av telefon / viss all kommunikasjon er nede, og der innbyggjarane kan møta og få kontakt med kommunen og ambulanse/politi;brannvesen.

Telefon sentralbord:

57 65 25 00

E-post:

beredskap@sogndal.kommune.no

Ved straumutfall, etablering av kriseleiing til helsetunet eller når det elles er påkravd vert sentralbordet vidarekopla til mobiltelefon. Skal vurdere å lese inn melding om kontaktinfo o.l. på telefonsvarar dersom sentralbordet ikkje er bemanna heile tida. Alternativt vert sentralbordet vidare kopla direkte til mobiltelefon under heile hendinga.

### 3.3 Oppgåver for kriseleiinga

Skal sørge for at følgjande hovudpunkt vert vurdert og følgt opp:

1. Rapportere til Statsforvaltaren om at kriseleiing er samla (rapport i CIM)
2. Skaffe oversyn over hendingar og kva konsekvensane kan verta for kommunen og innbyggjarane
3. Ta avgjærde om å sette i verk tiltak for å hindre og redusere konsekvenspotensialet for



LIV OG HELSE



YTRE MILJØ



ØKONOMISKE  
VERDIAR



OMDØMME

4. Ansvar for varsling av aktuelle instansar

5. Sette i verk gjeldande kommunale kriseplanar (fagplanar)
6. Setje i verk tiltak og sikre at ordinær tenesteproduksjonen fungerer så langt som råd.
7. Prioritere bruk av tilgjengelege ressursar
8. Halde kontakt med skadestads leiing, eventuelt LRS (lokal redningssentral)
9. Syte for informasjon til innbyggjarar og media
10. Gje rapportar om situasjonen i kommunen til Statsforvaltaren

For å kvalitetssikre arbeidet i kriseleriinga skal det bli utarbeida tiltakskort for handtering av ulike hendingar. Slike tiltakskort er sjekklistar for ulike oppgåver som må bli utført, instansar som må bli varsla m.m. Avhengig av kva krisesituasjon ein har, vert fylgjande kontakta, jf. pkt. 4:

Hending	Kontakt	Telefon
Jordras og ekstrem rasfare	Norges Geotekniske Institutt NVE flaum/beredskapstelefon Statens vegvesen Meteorologisk Institutt Politiet	22 02 30 00 22 95 59 36 / 90 99 22 31 175 22 96 30 00 02800 / 112
Ras med personulukke	Politiet Statens vegvesen	02800 / 112 02030
Ras som medfører stengt veg	Politiet Statens vegvesen Røde Kors	02800 / 112 112 Fleire
Ulykke på sjøen	Hovedredningssentralen Redningsselskapet Politiet Sogn Brann og redning Røde Kors	51 64 60 00 120 / 98 70 67 57 02800 / 112 110 / 90037256 Fleire
Trafikkulykke	Politiet Sogn brann og redning Statens vegvesen	02800 / 112 110 / 90 03 72 56 175 / 81 54 40 10
Ulykker med farleg gods	Politiet Alarmsentralen i Florø Sogn brann og redning	02800 / 112 110 / 57 75 14 00 110 / 90 03 72 56
Epidemiar	Kommuneoverlege Mattilsynet Helse Førde	57 65 56 66 / 47 89 68 55 67 62 95 00 / 06040 57 83 90 00
Skogbrann	Sogn brann og redning Politiet Sivilforsvaret Heimevernet Røde Kors	110 / 90 03 72 56 02800 / 112 57 62 88 60 91 50 30 03 Fleire
Brot på straumforsyninga	Sognekraft AS – sentralbord Sognekraft AS – feilmeldingstlf. 24 timer	57 69 86 00 57 69 86 02
Problem med vassforsyninga	Teknisk vakt, Leikanger, 24 timer Mattilsynet Sivilforsvaret Røde Kors	90 82 76 30 67 62 95 00 / 99 24 35 71 57 62 88 60 Fleire

Hending	Kontakt	Telefon
Alle hendingar med alvorleg personskade eller død	Psykososialt kriseteam	
<b>NB! All kontaktinformasjon for varsling er sett opp i eige varslingsliste</b>		

Intern kommunikasjon skal også i krisesituasjonar fylgje vanlege kommandoliner (tenesteveg) i administrasjonen, med mindre noko anna er bestemt.

### 3.4. Loggføring

Kriseleiinga skal føre logg. Dette vert gjort i krisehandteringsverktøyet DSB CIM. Ved bortfall av nett skal det førast manuell logg.

### 3.5. Fullmakt

Kommunedirektøren får fullmakt til å etablere og kalle inn kriseliinga i ein krisesituasjon som fylgje av omfattande ulukke eller ei hending som har eit potensial til å true viktige verdiar og svekkje evna kommunen har til å utføre samfunnsfunksjonane sine. Kommunedirektøren får fullmakt til å treffen avgjerder som får økonomiske konsekvensar opp til 1 mill. kr. uavhengig av vedteke budsjett når dette vert vurdert som naudsynt og når det ikkje er tid til ordinær handsaming i politiske organ.

Kommunedirektøren har mynde til å peike ut og lære opp naudsynt personell til ulike funksjonar i stab og linje til å delta i krisehandtering. Kommunedirektøren kan i ein krisesituasjon påleggja tilsette, uansett stilling, overtid for å løyse bestemte oppgåver. Vidare har kommunedirektøren fullmakt til å hente inn naudsynt materiell og nytte dei midlar som det er trond for innfor avsett økonomisk ramme i ein krisesituasjon.

### 3.6. System for å sikre operativ kriseliing

Det er ikkje krav om beredskapsvakt for kriseliinga. For å sikre at både politisk og administrativ leiing kan tiltre kriseliinga på kort varsel skal det bli etablert ei liste med varafolk som tiltre kriseliinga i tilfelle slikt fråvær, jf. varslingsliste i kap. 6. Desse skal få nødvendig opplæring og tiltre i tillegg kriseliinga som observatørar ved beredskapsøvingane annakvart år.

Samstundes skal det etablerast eit varslingssystem ved fråvær for ordføraren og kommunedirektøren. Når desse er ute av bygda og reiseavstanden er meir enn 3 timer, skal varaordførar og stadfortredar til kommunedirektør varsle og overta deira funksjonar i kriseliinga ved uønskte hendingar som måtte oppstå i ordføraren og/eller kommunedirektøren sitt fråvær. Dersom desse er i same situasjonen, skal ordførar og/eller kommunedirektøren varsle neste på lista. I høve ferieavvikling skal likevel ordførar/varaordførar og kommunedirektør/stadfortredande kommunedirektør så langt det er praktisk mogleg avvikle ferie på ulike tidspunkt.

Tilsette i Sogndal kommune som har fått spesielle oppgåver i ein krisesituasjon, vil utgjere ei støttegruppe for kriseliinga. Det same gjeld kommunen sitt psykososiale kriseteam.

### **3.7. Opplæring for tilsette med beredskapsoppgåver**

Kommunedirektøren er pliktig å sørge for at alle som har ei rolle i kommunen si kriseleriing, og også andre tilsette med beredskapsoppgåver, er kjent med dette og har fått naudsynt innføring og opplæring.

I denne opplæringa skal medlemmene bli gjort kjent med kommunen sin overordna ROS, beredskapsplanverk og denne beredskapsplanen for krisehandtering. Opplæringa skal også omfatte bruk av det webbaserte DSB-CIM verktøyet og andre hjelpemiddel nytta under ei krise. Det skal til ei kvar tid vere ei godkjent rutine for slik opplæring i kommunen sitt kvalitetssystem og som vedlegg til denne planen.

Varafolk som tiltre kriseleriinga ved fråvær av politisk leiing (utviding av varslingsliste pkt. 6.1.3) skal få nødvendig opplæring og tiltre i tillegg kriseleriinga som observatørar ved beredskapsøvingane annakvart år.

### **3.8. Øving for kriseleriinga**

Det gjennomførast ei øving på beredskapsplan for kriseleriing ein gong kvart år. Øvinga skal vera realistisk og praktisk på ein konkret hendingssituasjon. Slik øving kan samordnast med felles øvingar i regi av Statsforvaltaren.

### **3.9. Evaluering av kriseleriinga sitt arbeid**

Etter alle uønskte hendingar og øvingar som kriseleriinga tek del i, skal det gjennomførast ei skriftleg evaluering i ettertid. Evalueringa vert lagt inn som ein rapport i DSB-CIM, og skal nyttast aktivt for å forbetre planverk og rutinar for beredskapsarbeid.

### **3.10 Kriseplanar for ulike fagområde**

Sogndal kommune har følgjande tematiske kriseplanar utarbeida i medhald av krav i særlov:

#### **Beredskapsplan for psykososialt kriseteam**

Plan for psykososialt kriseteam, 26.11.2019.  
Sist oppdatert 29. nov 2022

#### **Beredskapsplan for smittevern**

Smittevernplan for Sogndal kommune, 01.03.2020.

#### **Beredskapsplan for helse- og sosialtenesta**

Beredskapsplan for helsetenesta, 01.03.2021.  
Sist oppdatert 1. nov 2022

#### **Beredskapsplan for vassforsyninga**

Vil vere 3 planar frå tidlegare kommunar fram til desse vert samordna. Overordna beredskapsplan vert utarbeida og blir justert i samband med utarbeiding av Hovudplan for VA.

#### **Beredskapsplan for hendingar som direkte eller indirekte råkar barn**

Vil vere 3 planar frå tidlegare kommunar fram til desse vert samordna. Nyttar nasjonal plan for krisehandtering i skular og barnehagar. Utdanningsdirektoratet sine heimsider.

### **Plan for straumrasjonering og langvarig brot i straumforsyninga.**

Plan er utarbeida av Sognekraft AS.

Prioriteringslister er utarbeide av kommunen i feb 2023 i tråd med kriterier gitt av straumrasjoneringsforskriften og oversendt Statsforvaltaren i Vestland

### **Planar for brannvern og redning**

Kommunen har gjennom Sogn Brann og Redning godkjent brannordning (2012), basert på eiga ROS-analyse (2021). Det føreligg ein interkommunal beredskapsplan mot akutt ureining. Det er vidare tiltaksplanar for tunnelbrann og brann i særskilde trehusmiljø, men ingen samla beredskapsplan for Sogn brann og Redning IKS. Sogn brann og redning jobbar med revidering av beredskapsplanen.

### **IKT**

Det vert jobba med beredskapsplan for IKT tryggleik.

### **Atomberedskap**

Plan er utarbeida mai 2022 iht. rettleiar frå Direktoratet for atomberedskap og strålevern.

#### **3.11 Tilgang**

Medlemmer av kriseleiing og andre med viktige funksjonar i beredskapsarbeidet skal ha tilgang til komplett og ajourført sett av alle kriseplanar.

#### **3.12 Oppdatering og endring**

Kommunedirektøren er ansvarleg for at beredskapsplanen (kriseleiingsplanen) og alle delplanane blir haldne oppdaterte og revidert med faste mellomrom.

Planane skal vera tilgjengeleg på kommunen sitt kvalitetsstyringssystem samt finnast komplett i eigen beredskapsperm på Tinghuset.

## **4. Plan for evakuering og innkvartering**

### **4.1 Ansvar for iverksetjing av evakuering:**

Politiet.

Evakuering føreset avklaring med politimeister.

Kommunen kan tilby innkvartering ved frivillig flytting frå område som vert opplevd som utrygt sjølv om politi ikkje set i verk evakuering.

### **4.2 Ansvarlege for å leia evakueringssarbeid er:**

Leiar: HR-leiar

Nestleiar: Avdelingsleiar arkiv og politisk sekretariat

Medlemmer: HR-medarbeidarar/økonomimedarbeidarar

### **4.3 Fylgjande mannskap kan nyttast ved gjennomføring av evakuering:**

Røde Kors, Sivilforsvar, Sogn brann og redning v/lokalt brannmannskap

### **4.4 Innkvarterings- og tilflyttingsnemnda i kommunen:**

Ved omfattande innkvarteringsbehov av ulike årsaker har formannskapet funksjon som innkvarteringsnemnd. Ved behov vert oppgåver fordelt på alle kommunestyremedlemene.

### **4.5 Hovudoppgårer for kommunen ved evakuering.**

- Hjelpe politiet med evakuering og saman med politi/LRS
- Fastsetje samlingsstad og pårørandesenter
- Skaffe oversikt over evakuatingsområdet (kven bur kor osv.)
- Informere dei som skal evakuerast (politi styrer dette ved tvungen evakuering)
- Skaffe naudsynt transportkapasitet frå skadestaden / området til fastsette samlingstader og ev. vidare til innkvarteringsstader
- Varsle mottakstad og etablere mottaksapparat
- Få etablert samarbeid med lege og psykososialt kriseteam som registerer eventuelle skader og prioritere den medisinske innsatsen
- Registrere dei som vert evakuerte og eventuelt kor dei er innkvarterte.  
Registrere òg kven som flytter på eiga hand. m.m. Registrere kontaktinformasjon (telefonnr.) slik at informasjon kan bli gjeve
- Sjå til at det vert gjeve god pleie og føremålstenleg innkvarteringsstad.
- Leggja til rette for sameining med pårørande
- Informasjon etter kvart som situasjonen utviklar seg

Politiet avgjer når varsel skal sendast ut. Dersom kommunen vert beden om å delta i varsling, må dette formidlast slik at ein er sikker på at dei det gjeld mottar varsel.

Ulike former for varsling:

Telefonvarsling (SMS- fellesvarsling), radio/TV, heimeside/nett, besøk.

Varselet skal då innehalde:

- a. Informasjon om hendinga/situasjonen
- b. Evakueringsstad
- c. Korleis det skal evakuerast
- d. Kva ein må ta med
- e. Kvar ein skal vende seg dersom ein trenger hjelp
- f. Kor lang tid ein har til rådighet

#### **4.6 Samlingsstader – skade og pårørande senter**

Samlingsstader i første fase av ei evakuering. Kan vere aktuelt med kortsiktig innkvartering. Før vidare innkvartering skal all registrering gjerast her.

Vil vere aktuelt å etablere skade og pårørande/senter i tilknyting til samlingsstad. Det vert lagt opp til at dette om mogeleg vert lokalisert til eit sentralt hotell i kvar del av kommunen. Grunngjeving for dette er at eit hotell har tilgang på alle faktorar som er naudsynte i ein slik situasjon – varme, mat, overnatting, møterom og tilgang til straum/telefoni/nett m.m. Det er i tillegg sett opp eit alternativ med kommunalt bygg som samlingsstad:

• Balestrand	Kviknes hotell	57694200	Sagatun skule/Belehalli
• Leikanger	Sognefjord hotell	57651100	Saften
• Sogndal	Sogndal hotell	57627700	Kvåle skule

Om situasjonen tilseier det kan anna hotell bli vald ev. kommunalt bygg.

#### **4.7 Innkvarteringsstader**

Aktuelle innkvarteringsstader er sett opp på eiga liste i ressursoversikt.

## 5. Plan for informasjon til innbyggjarane og media

### 5.1 Ansvar og roller

Det er kommunedirektøren, eller den kommunedirektøren peikar ut, som er leiar av kriseliinga, og som har det overordna informasjonsansvaret. Det er ordførar eller den han/ho peikar ut, som skal handtere informasjon til media. Til å førestå sjølv informasjonsarbeidet kan kriseliinga nytte seg av ein informasjonsansvarleg. Ved større hendingar vert det etablert eit eige informasjonskontor. Kriseliinga skal gjennomføre hyppige stabsmøte m.a. for å oppdatere den informasjonsansvarlege.

### 5.2 Informasjonsansvarleg - informasjonskontor

Informasjonskontoror vert sett saman av:

Leiar/ informasjonsansvarleg:	kommunikasjonsrådgjevar
Nestleiar:	tenesteleiar kultur
Medlem:	tenesteleiar NAV
Medlem:	Samfunns og næringsutviklar
Medlem:	tenesteleiar Kultur
Medlem:	IKT - konsulent

Informasjonskontoret kan supplerast med personar ut i frå behov

Oppgåver til informasjonstenesta:

- Innhente opplysningar om situasjonen og rapportere vidare
- Informere innbyggjarar og andre om korleis dei kan nå kommunen for å formidle viktig informasjon til kommune/kriseliing. Sentralbord og servicekontor skal vere godt bemanna
- Gje informasjon til innbyggjarane om situasjonen
- Informere eigne tilsette
- Informere media

Det er ordførar og fagpersonar som handterer informasjon ut til media.

### 5.3 Lokalisering

Informasjonskontoret vert etablert i tilknyting til kriseliinga. Dei kan nytte ressursar, personell og utstyr, i fellesstenestene.

Tingsalen vert nytta til media orienteringar. Andre lokale kan nyttast.

## 5.4 Informasjonskanalar

### 5.4.1 Nettside

Kommunen si nettside skal vere løypande oppdatert på status og for å få ut viktig informasjon. Nettsida skal vere sett i krisemodus slik at denne informasjonen er tydeleg. Kommunen skal vurdere å knytte nettsida til sosiale medium for å rekke ut til mange raskt.

### 5.4.2 Media

Media skal brukast aktivt for å få ut informasjon. I kritisk fase skal ein samhandle med media slik at ein i størst mogeleg grad får ut rett og relevant informasjon som kan hjelpe til med å handtere krisa på ein best mogeleg måte. I den samanheng skal kommunen og legge til rette for god mediehandtering som i den grad det er mogleg skjermar skadestad, skadelidande og pårørande, samt innsatsstyrker og slik at kommunens krisearbeid kan handtere krisa.

Kommunen skal:

- Bruke pressemeldingar
- Bruke pressekonferansar
- Få til eit godt samarbeid og god tilrettelegging for media med t.d. lokale, tilgang nett
- Vere i forkant og gje media relevante opplysingar som dei kan formidle
- Sikre god dialog med media, t.d. få lese gjennom og kvalitetssikre intervju
- Førebu den/dei som vert intervjuet så langt det let seg gjere

Lokale media har eit godt nettverk og god lokal kjennskap som er viktig å nytte fullt ut. Viktige media er:

NRK Sogn og Fjordane:	57 72 42 42 / 97 05 52 14	<a href="mailto:vestland@nrk.no">vestland@nrk.no</a>
Sogn Avis	57 65 60 00 / 99 08 23 81	<a href="mailto:redaksjonen@sognavis.no">redaksjonen@sognavis.no</a>
Porten	48 01 31 31	<a href="mailto:tips@porten.no">tips@porten.no</a>
Firda (Førde)	57 83 33 00	<a href="mailto:redaksjon@firda.no">redaksjon@firda.no</a>
Ytre Sogn Avis	57 71 45 90	<a href="mailto:redaksjon@ytresogn.no">redaksjon@ytresogn.no</a>
Bergens Tidende	02211	<a href="mailto:nyhetsweb@bt.no">nyhetsweb@bt.no</a>
Samkøyring Sogn Avis, Firda og Firdaposten	57 83 34 58	

Nasjonale media vil raskt vere ein del av større hendingar. Ordførar har ei særskild rolle saman med informasjonsansvarleg å uttale seg til desse.

### 5.4.3 System for innbyggjarvarsling

Kommunen har etablert system for direktevarsling av grupper av folk i eit geografisk område eller med særskilde funksjonar i ein krisesituasjon. Varslet er adressebasert. Slik varsling vil skje via telefon med talemelding, SMS og eventuelt e-post. Kommunen vil vurdere mobilbasert og lokasjonsbasert varsling etter dei retningslinjer som blir gitt frå andre styresmakter.

#### **5.4.4 Informasjonskanalar når straum og nett er vekke**

Tilgjengelege informasjonskanalar og aktuelt kommunikasjonsutstyr når telefon/mobiltelefon ikkje kan nyttast:

- Politiet, Røde Kors sitt samband, jaktradioar og brannvesenet sine radioar (samarbeid)
- Sogndal kommune sine satellitt-telefonar
- Flygeblad i posten
- Informasjon til elevar og foreldre via skulen
- Informasjonsmøte i forsamlingslokale
- Ved plakatoppslag og løpesetlar
- Ved å oppsøka husstandar

Ved bruk av slike kanalar er det viktig å bruke frivillige organisasjonar og instansar utom kommunal organisasjon. Røde Kors, tilsette i brannvesen, grendalag, jaktlag m.m.

Dersom det er fare for at telenettet vert overbelasta, skal avsperring av telefonar takast opp med Statsforvaltaren og Telenor.

#### **5.4.5 Informasjonsmøte**

Informasjonsmøte for dei som er råka, pårørande m.m. skal nyttast. Vert knytt til samlingsstad eller anna eigna lokale. Psykososialt kriseteam skal knytast til slike møte og vere tilgjengelege.

#### **5.4.6 Form og språk**

All informasjon skal vere tydeleg og lettfatteleg slik at det i minst mogeleg grad vert mistydingar.

Det skal i ein kvar situasjon vurderast særskild informasjon til framandspråklege, samt hensiktsmessige måtar å formidle denne på. Aktiv bruk av tilsette og ressurspersonar kommunen sin eigen organisasjon som t.d. flyktningsteneste kan nyttast.

### **5.5 Informasjon til Statsforvaltaren**

Statsforvaltaren har ein særskild rolle i ein krisesituasjon, jf. statsforvaltaren sitt regionale samordningsansvar ved handtering av uønska hendingar, og skal ha jamlege rapportar. Desse vert som hovudsak utført av kriseleiing direkte og formidla via DSB-CIM. Informasjonskontoret kan bli trekt inn i arbeidet med å utforme desse rapporteringane.